

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Frøland, Knut Harald	<b>Arkivkode:</b> FA - U01
<b>Arkivsaksnr:</b> 16/1070	<b>Løpenr:</b> 17/4647
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	27.04.2017	015/2017
Kommunestyret	11.05.2017	017/2017

**Prosjekt «Revitalisering av Tysse»****Ordførar sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr. 126.851 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». Finansiering hentast fra næringsfondet som pr. 18.04.17 er kr. 795 142,05. I tillegg kjem stønad frå Fylkeskommunen på kr. 126.500 slik at total budsjetttramme for prosjektet utgjer kr. 253.351. Samnanger kommunen inngår kontrakt med Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik pålydande kr. 100.000 eks. mva. Kontrakt gjeldt i tidsrommet medio mai 2017 og ut 2017. Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik rapporterer til ordførar og har ordførar som tett samarbeidspartner.

**Dokument som er vedlagt:**

Tilsegn om tilskot (L)(148449)

Tilbud Revitalisering Tysse frå Granli Gård - 23.03.17

**27.04.2017 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**FORM- 015/2017 Vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr. 126.851 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». Finansiering hentast fra næringsfondet som pr. 18.04.17 er kr. 795 142,05. I tillegg kjem stønad frå Fylkeskommunen på kr. 126.500 slik at total budsjetttramme for prosjektet utgjer kr. 253.351.

Samnanger kommune inngår kontrakt med Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik pålydande kr. 100.000 eks. mva. Kontrakt gjeldt i tidsrommet medio mai 2017 og ut 2017. Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik rapporterer til ordførar og har ordførar som tett samarbeidspartnar.

**11.05.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

**Handsaming i møtet:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 20 mot 1 røyst frå Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig).

**KS- 017/2017 Vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr. 126.851 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». Finansiering hentast frå næringsfondet som pr. 18.04.17 er kr. 795 142,05. I tillegg kjem stønad frå Fylkeskommunen på kr. 126.500 slik at total budsjetttramme for prosjektet utgjer kr. 253.351.

Samnanger kommune inngår kontrakt med Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik pålydande kr. 100.000 eks. mva. Kontrakt gjeldt i tidsrommet medio mai 2017 og ut 2017. Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik rapporterer til ordførar og har ordførar som tett samarbeidspartnar.

**Kva saka gjeld:**

Samnanger kommune søkte i desember 2016 etter midlar frå «Handlingsprogram for næringsutvikling I Hordaland» og fekk i slutten av januar 2017 tilsegn om tilskot på inntil kr. 126.500 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». For at Samnanger kommune skal få tildelt 126.500 frå Fylkeskommunen er det krav om at kommunen må stille tilsvarende beløp til disposisjon.

Målet for prosjekt «Revitalisering av Tysse» er å skape eit levedyktig miljø for aktivitet og mangfold av næring på Tysse.

Då Samnanger Uldvarefabrikk vart etablert i 1886 gjekk Tysse frå å vera ein søvnig strandstad med eit titals sjeler til å bli ein hektisk industristad og den største bygdebyen i Midthordaland med over 800 innbyggjarar. I 1930-åra var det over 30 butikkar og småverksemder deriblant fem bakeri, tre kafear, eit hotell, eit pensjonat, to bensinstasjonar og eit meieri på Tysse. Frå omkring 1960 gjekk det raskt nedleggingar og etter at det kom ny og tunnell bak Tysse i 2015 er det ikkje mykje att av Tysse slik samningane har kjent det. I dag er det berre att ein frisør, ein jernvare- og byggjevarerforretning og ein Tønnefabrikk i tillegg til SAFA sine kontor. Men Tysse er framleis kommunesenter i Samnanger og Samnanger ungdomsskule er framleis plassert på Tysse.

Etter at Samnanger kommune fekk tilsegn om støtte frå Hordaland Fylkeskommune er kommunen gjort kjent med at i dei tomme lokala etter Sparbutikken på Tysse-kaien skal overtakast av «Tysse Landhandleri» som etter planen skal opne i månadsskifte april-mai 2017. Eigarane av «Tysse Landhandleri», Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik, er dei same som står bak tilsvarende landhandleri på Evanger og Kvamskogen (NAF'n). Desse to landhandleria har begge oppnådd berekraftig omsetning.

Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik har tilbydd seg å bidra til at prosjekt «Revitalisering av Tysse» skal lukkast og har etter samtalar med ordførar gitt eit tilbod til kommunen. Mandat for eit eventuelt oppdrag blir å tilrettelege for næringsutvikling på Tysse gjennom kartlegging av moglegheita, etablere kontakt med relevante aktørar samt gje råd for andre som ønskjer å etablere seg på Tysse. Samarbeidet vil i fall gjelde frå medio mai 2017 og ut 2017 og Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik vil rapportere til ordførar og ha ordførar som tett samarbeidspartner.

Som del av prosjekt «Revitalisering av Tysse» kan det også vere aktuelt å etablere ei «kreativ dialoggruppe» for å drøfte moglegheita på Tysse.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Samnanger kommune speler ei viktig rolle for å kunne auke attraktivitet og næring på Tysse og tar med prosjekt «Revitalisering av Tysse» ei t viktig initiativ for samarbeid mellom det offentlege, næringsliv og det frivillige.

Intensjon med prosjekt «Revitalisering av Tysse» er å skape ny næring på Tysse i samsvar med den særeigne identitet og ressurs Tysse har. Tysse kan ikkje konkurrere på same vilkår som Bjørkheim og bør såleis ikkje framstå som noko konkurrent. Prosjekt «Revitalisering av Tysse» kan bidra til at Tysse og Samnanger framstår som ein meir attraktiv kommune for eksisterande og nye innbyggjarar, for næringsliv og for turisme.

Samnanger kommune har samanfallande interesser med Granli Gård Rådgivning om å lukkast med prosjekt «Revitalisering av Tysse» og det bør vere hensiktsmessig å etablere eit tett og profesjonelt samarbeid.